



Sigmund Kallhovde  
Isdalbakken 43  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2191 - 16/30752

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
07.11.2016

## Løyve til etablering av intern køyreveg - gbnr 137/56 Alver

### Administrativt vedtak. Saknr: 535/16

**Tiltakshavar:** Sigmund Kallhovde  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om intern køyreveg på eigedom gbnr. 137/56 jf. skriv datert 23.09.16. Kommunen har behandla søknaden som tiltak utan ansvarsrett.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.06.16 og komplettert 28.09.16.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskomplett dokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 26.07.16. Det vart levert inn ny eitt trinnssøknad 28.09.16, frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Knarvik-Alversund (KDP) er definert som bustad-føremål.

### Dispensasjon

Tiltaket er vurdert til å ikkje krevja dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.



### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 22.09.16. På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0 meter. Eigar av gbnr. 137/83 har i dokument datert 01.07.16 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa.

### **Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.**

Avstand til vegmidte offentlig veg er opplyst å vere 17,8 meter.

### **Tilkomst, avkjørsle, parkering og vatn og avløp (VA)**

Tiltaket omfattar intern køyreveg på bygd einebustadeigedom. Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser plassering av planlagt intern køyreveg.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **VURDERING:**

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, men med ei innskrenka utstrekning. Vedlagt grense mellom eigedom gbnr. 137/56 og gbnr 137/95 er ikkje synt rett på innsendt situasjonsplan. Sjå vedlagte kartutsnitt som viser innmålte grensepunkt.

Det vert ikkje gjeve løyve til samankobling av vegtilkomst til gbnr. 137/95 og intern køyreveg på gbnr. 137/56. Den interne køyrevegen skal avsluttast 1 meter frå grense mot gbnr. 137/95 jf. byggesaksforskrifta § 4-1 (1) bokstav d nr. 10 og plan- og bygningslova § 29-4.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 vert det gjeve løyve til etablering av intern køyreveg på eigedom gbnr. 137/56. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 22.09.16, men skal avsluttast 1 meter frå grense mot gbnr. 137/95 jf. byggesaksforskrifta § 4-1 (1) bokstav d nr. 10. Vilkår er heimla i plan- og bygningslova § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Den interne køyrevegen skal ikkje nyttast til gjennomkøyring til gbnr. 137/95 eller 137/62.**
- 3. Det skal seinast ved søknad om ferdigattest leverast inn oppdatert situasjonsplan som syner tiltak i samsvar med vilkår nr. 1 , de kan nytte vedlagt kartutsnitt.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas spørsmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2191**

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Kartusnitt gbnr 137\_56

### **Mottakarar:**

Sigmund Kallhovde

Isdalbakken 43

5911

ALVERSUND